



Harlad Sætre kom like frå Bergen for å høyra Dag Lindebjerg på Senioruniversitetet sist veke.

Det var eit rekordstort frammøte på det siste møte i Senioruniversitetet. Langt over hundre studentar kom for å høyra Dag Lindebjerg fortelja om det yrkesaktive livet i NRK med dei mange programma frå Vesterhavsoyane og om kysten, farty, fiskeri og fangstmetodar i innlandet og i elvane. Dei siste fem åra har Dag Lindebjerg vore turleiar for grupper på reise til Shetland, Orkenøyane, Færøyane og Hebridene.

Førelisinga til Lindebjerg samla tilhøyrarar frå heile kommunen. Harald Sætre kom like frå Bergen for å få med seg den eventyrlege reisa gjennom mange hundre NRK program, alle med eit høgt sjåartal.

Det heile starta med Der farty flyta kan, ein serie program frå Finnmarkskysten til svenskegrensa, om båtenes historie, buplassar og fartybygging. Seinare kom program om dei norske fyra, ikkje minst om fyrfruene og om planter som enno berre finst på fyrstasjonane. Dag Lindebjerg har laga program om fiske, frå tilsaman 24 fiskebåtar på kysten og på storhavet.



[Det var rekordstort frammøte for å høyra Dag Lindebjerg fortelja frå sitt yrkesaktive liv i NRK](#)

Programma om fiskeri fekk tittelen Den leiken ville han sjå, eit sitat frå Ivar Aasen sin song Mellom bakkar og berg. Opphaldet på kolmulefiske i Atlandereren må vera det mest oppsiktsvekkjande han har vore med på. Kolmule er ein liten kvit fisk som går i stim på 500 meter djupne og som går i oppløysing til ein flytande masse straks den er fiska.

Av andre program Dag Lindebjerg har laga, må vi ta med: Gamle spor i fjellet, program om kvalfangsten og om dei mange kystlaga langs heile norskekysten. Ikkje minst må vi ta programmet Sommardag der han reiste rundt med snekka si og hadde med gjester. 36 program over seks år hadde til tider eit sjåartal på over 1 millionar. Eit av desse er programmet om turen frå Jondal til Rosendal med Herborg Kråkevik som gjest.

Freelancefotografen Frode Fimland har filma mykje av det Lindebjerg har laga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal